

Spor etter Gud i naturen



Ein kunstnar set spor etter seg. Signaturen hans spring fram frå kunstverket. Vi kan sjå at målarstykket til Edvard Munch er heilt ulike alt det som Gunnar S. Gundersen har skapt. Vi kjenner kunstnaren att frå kunstverket.

Naturen er Guds kunstverk. Det ein gamal tanke at vi kjenner at Guds drag i skaparverket. «Eg ser deg Gud i kvar den blom som tiler, i fagre fargar mellom stein og strå». Slik byrjar ei gamal salme.

Guds usynlege vesen, både hans evige kraft og hans guddom, har menneska kunna sjå og skjønna av gjerningane hans heilt frå verda vart skapt, skriv Paulus i Romarbrevet.

Vi trur på den treeinige Gud, ein gud i tre personar. Ei god øving kan det vere å sjå seg rundt i naturen etter avbilingar av den treeinige. Blad frå gaukesyre er eit godt døme. Tredelte blad som er sette saman av tre hjarte. Faderen, Sonen og Den heilage ande, er bundne saman i ein fullkomen kjærleik. Dei mange blada av gaukesyre er ein fin illustrasjon på dette. Men det finst mange andre tredelte blad i planteriket, og det er ei mengd med hjarteforma kjærleiksblad. Og vi kan late fantasien gå vidare og finne tallause Guds-attributt i sommarnaturen.

God sommar i naturen!

Geir Sørebo